iVest Consult
Rådgjevande ingeniørar og arkitektar

# Konkurransegrunnlag

## Del II Kontraktsgrunnlag

## Fortau Hauge i Bremanger langs Fv. 5706 Grotlevegen

**2025145**

**Bremanger kommune**

**17.11.2026**



## Innhaldsliste

**A. Generell del ..... 3**
A.1 Innleiing ..... 3
A.2 Kort om kontraktarbeidet sitt omfang ..... 3
A.3 Organisasjon og entreprisemodell ..... 3
A.4 Dokumentliste ..... 4
**B. Kontraktsvilkår ..... 4**
B.1 Alminnelege kontraktsreglar ..... 4
B.2 Spesielle kontraktsreglar ..... 4
**C. Tekniske krav ..... 4**
C.1 Tekniske rammevilkår ..... 4
C.1.1 Ytre miljø ..... 5
C.1.2 Andre rammevilkår ..... 5
C.2 Teknisk skildring ..... 7
C.3 Teikningar og modellar ..... 7
C.3.1 Teikningar ..... 7
C.3.2 Modellar og format ..... 7
C.4 Tekniske referansedokument ..... 7
**D. Krav til byggeprosessen ..... 7**
D.1 Administrative rutinar ..... 7
D.1.1 Kommunikasjon ..... 7
D.1.2 Møter ..... 7
D.1.3 Fakturering ..... 8
D.1.4 Rapportering ..... 8
D.1.5 Distribusjon av teikningar ..... 8
D.1.6 Endringar ..... 8
D.2 Kvalitetssikring ..... 8
D.2.1 Kvalitetsplan ..... 8
D.2.2 Planlegging ..... 9
D.3 Tryggleik, helse og arbeidsmiljø ..... 9
D.3.1 Generelt ..... 9
D.3.2 Hovudbedrift ..... 9
D.3.3 Koordinator for utføringsfasen ..... 9
D.4 Andre krav til byggeprosessen ..... 10
D.4.1 Dokumentasjon ..... 10
D.4.2 Offentleg omtale av prosjektet ..... 10
**E. Fristar og dagbøter ..... 10**
E.1 Fristar ..... 10
E.2 Dagbøter ..... 10
E.3 Framdriftsplanlegging ..... 10
**F. Vederlaget ..... 11**
F.1 Prissamandrag ..... 11
F.2 Rekningsarbeid ..... 11
F.3 Påslag for side og underentreprenører ..... 11
F.4 Opsjonar ..... 11
F.5 Regulering ..... 11
**G. Oppdragsgjevar sine ytingar ..... 11**
G.1 Riggområde ..... 11
G.2 Innkvartering og matservering ..... 12
G.3 Deponi ..... 12

# A. Generell del

## A.1 Innleiing

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Bremanger kommune. Bremanger kommune er ein kystkommune, sentralt plassert mellom Bergen og Ålesund. Kommunen har ca 3400 innbyggarar.

## A.2 Kort om kontraktarbeidet sitt omfang

Bremanger kommune skal byggje fortau langs ei strekning av Fv. 5706 Grotlevegen i Bremanger, om lag 240 lm. Fortauet skal knyte saman to strekningar der det er laga fortau dei seinare åra. Parsellen er regulert med fortau i gjeldande reguleringsplan for Hauge frå 1993. På størstedelen av strekninga vil etableringa av fortauet krevje ein del terrenginngrep, muring og omlegging av OVA, elektrisk infrastruktur som kabling og lyspunkt m.v. Fortau skal detaljprosjekterast med 2,5 m breidde.

**Kort om planlagt framdrift:**

1. Kontrahering i veke 51.
2. Oppstart veke 2/2027
3. Ferdigstilling og overtaking, 03.05.2027

## A.3 Organisasjon og entreprisemodell

Bremanger kommune er byggherre/tiltakshavar for prosjektet.

| | |
|---|---|
| Byggherre/prosjektansvarleg: | Bremanger kommune<br>v/Prosjektleiar Inge Rogne<br>E-post: inge.rogne@bremanger.kommune.no<br>Mob: 99 70 47 39 |
| Prosjektleiar: | Som over |
| Byggeleiar: | iVest Consult |
| Byggherren sin rådgjevar og ansvarleg prosjekterande: | iVest Consult AS<br>Strandgata 10,<br>6905 FLORØ |
| Kontaktperson iVest Consult: | Trygve Riste<br>E-post: tjr@ivestconsult.no<br>Telefon: 992 79840 |
| Ansvarleg søkjar: | iVest Consult AS |
| Ansvarleg utførande: | Generalentreprenør |
| SHA-koordinator for prosjektering: | iVest Consult |

| | |
|---|---|
| SHA-koordinator utføring: | Generalentreprenør |
| Hovudbedrift: | Generalentreprenør |

Byggeleiar kallar inn til byggemøter kvar 14. dag og elles etter behov. Generalentreprenøren skal ha eigen prosjektleiar og byggeplassleiar.

Generalentreprenøren skal levere med eigen organisasjonsplan med nøkkelfunksjonar og kven som har desse. Planen skal syne samanhengen mellom entreprenøren sin prosjektorganisasjon og dei andre ledda i verksemda.
Generalentreprenøren skal sette opp ei eiga matrise som syner underentreprenørar og ansvarsområde for desse.

### A.4 Dokumentliste

- Del I, Konkurransereglar
- Del II, Kontraktsgrunnlag
- Bilag 1 NS3420 beskrivelse i pdf, gab og xml-format
- Bilag 2 Teikningspakke pdf
- Bilag 3 SHA-plan

## B. Kontraktsvilkår

### B.1 Alminnelege kontraktsreglar

Norsk Standard NS8405 "Norsk Bygge- og anleggskontrakt" skal gjelde med endringar som skildra i post B.2

### B.2 Spesielle kontraktsreglar

Pkt. 9.3 Byggherrens Sikkerhetsstillelse:
Byggherren stiller ikkje sikkerheit.

Pkt. 19.3 Fysisk arbeidsunderlag og grunnforhold:
Generalentreprenøren har ansvaret for å synfare området.
Forøvrig gjeld NS 8405 punkt 19.3.

Pkt. 27.1 Indeksregulering:
Det vert ikkje tillegg for prisstigning, dvs. tilbydar skal gje inn ein fastpris for byggeperioden som skal gjelde til 03.05.2027. (Gjeld alt av oppgjevne prisar i tilbodet.)

## C. Tekniske krav

### C.1 Tekniske rammevilkår

Konkurransegrunnlaget er bygd opp i samsvar med NS 3450:2014
Vedkommande detaljbeskrivingar og teikningar m.m., sjå dokumentliste A4.

## *C.1.1 Ytre miljø*

### C.1.1.1 Støy

Krav til støyvern mot omliggande bygningar må ivaretakast ved utføring av anleggsarbeider.

### C.1.1.2 Støy under byggefasen

Støyande aktivitetar skal utførast i tidsperioden 07.00-20.00. Dersom det vert støyande aktivitetar som overstig gjeldande grenseverdiar, skal det setjast i verk tiltak som reduserer støynivået til under lovlege verdiar.

### C.1.1.3 Støv

Det må ikkje verte ulemper med støv, kjemikaliar eller andre liknande ting for omgjevnadane i byggeperioden. Generalentreprenøren må sette i gong avbøtande tiltak dersom noko slikt skulle førekomme. Det skal være støvoppsamling på boreutstyr oppsamla i sekker.
Ved tørre periodar må entreprenør ha tilgjengeleg utstyr for salting og vanning

### C.1.1.4 Ureining

Det ytre miljøet skal ikkje bli ureina på grunn av dette byggeprosjektet. Dersom det er mistanke eller fare for at grenseverdiar i samsvar med gjeldande regelverk vert overskridne, skal det utførast målingar og eventuelt setjast i verk tiltak for å redusere ureininga til akseptabelt nivå.

### C.1.1.5 Avfallshandtering, reinhald og rydding

Alt avfall, både spesialavfall, rivingsavfall og bygningsavfall m.m., skal handsamast på godkjent måte. I tråd med retningslinjene oppstilt i Forurensningslovens § 32, avfallsforskriften kapittel 1, 9 og 11, samt byggeforskriften kapittel 9.

Kostnadene ved å utføre ovannemnde arbeid, føreset ein er teke med som del av rivingskostnadane og dermed ligg inne i tilbodet til tilbydar.

**Reinhald og rydding:**
Generalentreprenøren skal handheve dette punktet etter fylgjande retningslinjer:
- sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø på byggeplassen i heile byggeperioden.
- tilrettelegge for ein effektiv og rasjonell byggeplass.
- hindre at ureining frå byggetida ligg igjen i anleggsområdet.

Ansvarleg entreprenør skal foreta kontroll og inspeksjon min. 2 gangar for dagen, seinast ved arbeidsdagens slutt.

## *C.1.2 Andre rammevilkår*

### C.1.2.1 Rigg

Entreprenøren må skaffe nødvendig plass for tilrigging.

Generaleprenøren må ha sterkt fokus på SHA i samsvar med gjeldande lover og forskrifter på området. Det må utarbeidast sikker jobb analysar for alle kritiske arbeidsoperasjonar. Generalentreprenøren sin SHA-plan skal utarbeidast med utgangspunkt i overordna SHA-plan frå byggherren. Kostnadene med dette føreset ein er teke med som del av rigg- og driftskostnadene og ligg inn i tilbodet.

Generalentreprenøren skal vere SHA koordinator for utføring, jamfør punkt A3.
Generelt gjeld at generalentreprenøren skal ta alle kostnader med Rigg og drift.

#### C.1.2.2 Forhold til naboar

Byggearbeidet skal utførast med minst mogleg sjenanse for nærmaste naboar.

#### C.1.2.3 Tilkomst og trafikkavvikling

Området ligg ved Hauge langs Fv. 5706 Grotlevegen-Hauge.
Vegen er einaste tilkomst til Grotle. Med bakgrunn i dette er det viktig å gjere avstengingsperioder så korte som mogleg, samt heile tida ha gangtilkomst forbi anleggsområdet.
Entreprenør vil få ansvar for å varsle og halde oppdatert AMK/Brannvesenet politiet mm om planlagde avstengingsperiode.
Entreprenør må og være med på eit møte med grunneigar for å informere om planlagt framdrift og avstenging.

#### C.1.2.4 Stikningsgrunnlag

Vegmodell med plassering som vist på teikningar vil bli overlevert etter ønska format.

#### C.1.2.5 Grunnforhold

Tidlegare utført graving i området viser at det er sand og humusholdig sand. I tillegg er det også observert fast fjell i dagen på nokre stader.
Dersom det vert registrert leire under gravearbeidet, må gravearbeidet stanse og ein må kontakte geoteknisk fagkyndig.

#### C.1.2.6 Kablar og røyr m.m.

Det er kablar i området.
Gravemelding skal utførast og dekkast av entreprenør.

#### C.1.2.7 Massebalanse

Det er rekna med masseoverskot i trasèen.

#### C.1.2.8 Tidlegare og noverande bruk av byggeområdet

Fylkesveg.

#### C.1.2.9 Provisoriske løysingar

Det vil være behov for provisoriske løysningar for å gjere avstengingsperioder så korte som mogleg, samt heile tida ha gangtilkomst forbi anleggsområdet

### C.2 Teknisk skildring

N100 og N200 gjeld for dette byggeprosjektet, dersom ikkje anna spesifikt er nemnd.

NS 3420 utgåve 202401, gjeld som krav for utføring.

Sjå elles detaljbeskriving tekniske fag A4, Bilag 1.

### C.3 Teikningar og modellar

#### *C.3.1 Teikningar*

Teikningar i samsvar med dokumentliste A4, Bilag 2

#### *C.3.2 Modellar og format*

Prosjektet er prosjektert i Novapoint Veg.
Format på stikningsdata kan avtalast i oppstartmøte.

### C.4 Tekniske referansedokument

Sjå dokumentliste A4.

## D. Krav til byggeprosessen

### D.1 Administrative rutinar

#### *D.1.1 Kommunikasjon*

Prosjektet blir styrt av byggherren sin byggeleiar. All kontakt mellom byggherre og generalentreprenør skal skje gjennom byggeleiaren.

#### *D.1.2 Møter*

Byggemøter vert heldt på byggeplass normalt kvar 14.dag. Byggherren sin byggeleiar kallar inn, leiar møte og lager møtereferat. Generalentreprenøren kallar inn og lager møtereferat frå vernerundar i forkant av byggemøte.

Generalentreprenøren kallar inn til byggeplassmøter etter behov og skriv referat frå desse møta. Byggherren sin byggeleiar skal kallast inn til desse møta snarast råd.

#### *D.1.3 Fakturering*

Fakturering skal skje månadleg etter utførte arbeid . Utbetaling skjer iht. NS8405 pkt 28.1 og 28.2

Avdragfaktura skal innehalde:

- Opparbeidd beløp for perioden.
- Totalt opparbeidd beløp.
- Innestående beløp i samsvar med kontrakt.
- Meirverdiavgift.
- Sum til betaling.

Eventuelle endringar/tillegg skal fakturerast særskilt og fortløpande pr. månad, når dei er godkjende. Denne faktura skal syne ein spesifikasjon av endringa/tillegget, jamfør forøvrig D.1.6.

#### *D.1.4 Rapportering*

Generalentreprenøren utarbeider statusrapport for avslutta månad. Rapporten skal leverast innan den 10. i månaden etter og skal gje byggherren/byggeleiar oversikt over:

- SHA og ytre miljø - statistikk, oppsummering av hendingar og tiltak, plan for komande periode.
- Økonomi
- Framdrift - status
- Mannskap
- KS - kontroller og avvik.
- Dokumentasjon.
-

#### *D.1.5 Distribusjon av teikningar*

Dei prosjekterande skal gjere teikningar og anna arbeidsgrunnlag tilgjengeleg på elektronisk format (dwg og pdf). Generalentreprenøren må sjølv sørge for naudsynt utskrift og mangfaldiggjering av teikningar, vederlagsfritt.

#### *D.1.6 Endringar*

Det vert avtalt mal for varsel om endring, endringsmelding og endringsliste. Generalentreprenøren skal utarbeide forslag til malar som skal godkjennast av byggherren.

### D.2 Kvalitetssikring

#### *D.2.1 Kvalitetsplan*

Generalentreprenøren skal utarbeide ein prosjekttilpassa kvalitetsplan som skal dekke alle systematiske tiltak som er naudsynt for å sikre at krava i kontrakt og lovverk vert oppnådd. Planen skal innehalde kontrollskjema som skal nyttast. Arbeida skal utførast med

dokumentert eigenkontroll, dvs. at arbeida skal være kontrollerte og skjema skal vere attestert av ansvarleg person hjå generalentreprenøren, i tillegg til den personen som er ansvarleg for utføringa og utfylling av skjemaet.

Den prosjekttilpassa kvalitetsplanen skal overleverast byggherren seinast 3 veker etter kontraktsinngåing. Minimum ei veke før oppstart av arbeida skal generalentreprenøren sende melding til Arbeidstilsynet og evt. kommunelegen.

**Innmåling og kontroll overleverast byggherren kontinuerleg under arbeidet, og skal vere komplett seinast ved overlevering av anlegget.**

FDV-dokumentasjon skal vere komplett seinast ved overlevering av tekniske installasjonar.

### *D.2.2 Planlegging*

Byggeprosjektet skal utførast basert på god planlegging og det skal leggast fram reviderte framdriftsplanar ved behov. I avklaringsmøte før kontrakt, skal bruk av planleggingsprogram avklarast.

## D.3 Tryggleik, helse og arbeidsmiljø

### *D.3.1 Generelt*

Byggherren har utarbeidd ein SHA-plan som stiller krav til generalentreprenøren.

### *D.3.2 Hovudbedrift*

Generalentreprenøren skal vere hovudbedrift iht. arbeidsmiljølova § 2-2, og ha ansvar for tryggleiken innanfor bygge- anleggsområdet, for eigne tilsette, tiltakshavar sine representantar, tredjeperson, vidare for bygningar og materiell uansett eigar.
I tilknyting til denne rolla skal generalentreprenøren utarbeide eigen SHA-plan.
Hovedbedrift har ansvaret for at det blir utført vernerunder. Byggeleder skal kallast inn til vernerunder.

### *D.3.3 Koordinator for utføringsfasen*

SHA- koordinator for utføring er generalentreprenøren. Prosjektet blir styrt av byggherren sin prosjektleiar. Sjå SHA plan.
Generalentreprenøren skal legge fram ein separat SHA-plan (Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø iht. Byggherreforskrifta). Generalentreprenøren sin SHA-plan skal oppbevarast på anleggsstaden, og være framlagt seinast 2 veker etter kontraktssignering.

## D.4 Andre krav til byggeprosessen

### *D.4.1 Dokumentasjon*

#### D.4.1.1 Generelt

All dokumentasjon skal leverast på norsk.

#### D.4.1.2 Dokumentasjon av byggeprosessen

Dokumentasjonen som vert utarbeidd i løpet av byggeprosessen skal vere tilgjengeleg for byggherren til ei kvar tid.

#### D.4.1.3 FDV-Dokumentasjon

FDVU dokumentasjonen skal tilfredsstille RIFs FDVU-dokumentasjon for bygningar.

#### D.4.1.4 HMS-eigenerklæring

Tilbydar skal levere med underteikna HMS-eigenerklæring.

### *D.4.2 Offentleg omtale av prosjektet*

All informasjon og offentleg omtale av prosjektet skal gå gjennom byggherren v/prosjektleiar.

# E. Fristar og dagbøter

## E.1 Fristar

| Aktivitet | Dato | Dagbot |
|---|---|---|
| Oppstart | Veke 2/2027 | |
| Ferdigstilling og overtaking | 03.05.2027 | Ja, som NS 8405 kap. 26 |

## E.2 Dagbøter

Sjå E1 Fristar.

## E.3 Framdriftsplanlegging

Tilbydar/Generalentreprenøren skal utarbeide framdriftsplan som inngår i kontrakt. Framdriftsplanen skal vise hovudaktivitetane og kva andre aktivitetar som desse er kopla mot.

Byggherren har beskrive grunnlaget for framdrift i pkt. A.2 og E.1.1.

# F. Vederlaget

## F.1 Prissamandrag

For kontraktssummen vert det vist til avtaledokumentet. Prissamanstillinga kjem fram av tilbodsskjema..

## F.2 Rekningsarbeid

I prisane skal tilbydaren inkludere alle entreprenørkostnader for utføring av spesifisert arbeid inkludert påslag på underentreprenørar og leverandørar, sjå vedlegg 1.

Bruk av overtid skal godkjennast av byggherren.

## F.3 Påslag for side og underentreprenørar

For materialar og utstyr som vert bestilt separat av byggherren, skal det nyttast oppgjevne einingsprisar der slike finst. Forøvrig vert det dekka som fylgjande:

- Forbrukt materialar inkludert transport i samsvar med generalentreprenøren sin innkjøpspris, dokumentert ved leverandørfaktura.
- Generalentreprenøren sitt påslag i samsvar med prosentsats oppgjeven i tilbodsskjema.

## F.4 Opsjonar

Nei.

## F.5 Regulering

Ingen regulering i byggeperioden. Fastpris ut byggetida.

# G. Oppdragsgjevar sine ytingar

## G.1 Riggområde

Ref C.1.2.1.

### G.2 Innkvartering og matservering

Byggherren har ingen ytingar på dette området.

### G.3 Deponi

Byggherren har ingen ytingar.